



INFO om oppfølging av nasjonale råd og tiltak frå 15.12

Det vert innført strengare nasjonale råd og reglar frå midnatt, natt til 15. desember.

Stad kommune har pr 14. desember ingen egne restriksjonar utover dei nasjonale tiltaka.

Det må fortsatt gjerast lokale vurderingar og risikovurderingar på kvar enkelt arbeidsplass og i kvar enkelt situasjon.

Oppsummering og kommentarar til dei ulike tiltaka:

- **Bruk av heimekontor:** Etter nye nasjonale tiltak skal Alle som kan ha heimekontor, ha heimekontor. Tiltaket gjeld i tenester der heimekontor ikkje er til hinder for tilsette å utføre nødvendige og lovpålagde oppgåver. Tilsette i Stad kommune avklarar bruk av heimekontor i samråd med nærmaste leiar basert på ei situasjons- og risikovurdering på arbeidsplassen.
- **Avstand:** Det er anbefalt å halde 1 meters avstand til kollegaer på jobb.
- **Munnbind:** Om det ikkje er mogleg å halde avstand er det anbefalt å bruke munnbind, med mindre det er teke i bruk fysiske skiljeveggar.
- **Gjennomføring av møter:** Gjennomføring av møte på Teams er å anbefale. Møte med få kollegaer kan avviklast dersom det er mogleg å halde ein meters avstand. Om ein oppheld seg i samme rom over tid med fleire personar er det anbefalt å lufte godt!
- **Gjennomføring av arr. og tilstelningar:** Det er anbefalt å redusere antal nærkontakter. Det betyr at også antal sosiale samankomstar og arrangement må avgrensast.

Sosiale samlingar på arbeidsplassen kan haldast dersom det er mogleg å halde ein meter avstand og øvrige tiltak for arr. og samankomstar vert følgde. Ein bør i det enkelt tilfelle drøfte risiko ved gjennomføring og om arr. er tilrådeleg.

- **Skule og barnehage:** Alle barne- og ungdomsskulane og barnehagane vil frå torsdag 16. desember gå over på gult nivå (og ha beredskap for rask overgang til raudt nivå om aktuelt). Det vil vere aktuelt å redusere opningstider ved enkelte barnehagar ut frå bemanningssituasjon.
- **Generelt:**

Kjenner du symptom på sjukdom, bli heime, unngå kontakt med andre og test deg!

Info om testing og prøvesvar finn du på <https://stad.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/legeteneste/informasjon-korona/testing-og-provesvar/>

Begrens nærkontakter!

– Har du har spørsmål, ta kontakt med næraste leiar

